

ÅRSMELDING OG REKNESKAP

2015



Foto: Birgit Bilstad



Årsmøtet blir halde laurdag 30. april 2016 kl. 10.00 på Skjåk Turistheim

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2015
5. Styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2016 for styremøte og andre møte, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningkontoret seinast 1 veke før årsmøtet)
9. Val
Gjennomføring av valet i 2016 er nytt av året og blir som ein integrert del av årsmøtet. Dvs. at vallokalet opnar når årsmøtet kjem til dette punktet i saklista og vallokalet stengjer når årsmøtedeltakarane på årsmøtet er ferdig med å stemme. Det blir gjeve moglegheit for at andre bruksberettiga, som ikkje deltek på sjølve årsmøtet, skal få stemme i dette tidsrommet.

Valkomiteen har kome fram til følgjande 8 kandidatar til almenningstyret og 6 kandidatar til valkomiteen, alle har takka ja til å stille til val. Namna er lista opp alfabetisk

Styret

Bjørnstad, Else Mona
Brandsar, Tordis
Eiesar, Pål
Grimstad, Mona H.
Heldal, Tone
Ramstad, Kjell Egil
Stenersen, Bjørnar K.
Aaboen, Kjell

Valkomite

Andersbakken, Siv
Gjeilo, Tore
Rusten, Torggrim
Skjelkvåle, Rikard
Sæther, Hans
Ørjasæter, Per Øyvind

Kunngjering av valresultat på same stad ca. kl. 14.00.
Underskriving av protokollen.
Årsmøtet slutt.

Styret for Skjåk Almanning

*Skjåk Almanning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*

ÅRSMELDING 2015

1. STYRET

Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2012-2016	Liv Mona Johnsgard	2014-2018
Rannveig Brennhaug (nestleiar)	2012-2016	Rune Plassen	2014-2018
Mona Haugen Grimstad	2012-2016	Ragnhild Løkken	2014-2018
Gudrun Ramstad	2012-2016		

Vara

Simon Eiesar	2012-2016	Sæbjørn Forberg	2014-2018
Ingrid Viken	2012-2016	Vidar Vange	2014-2018
Åge Bankhaug	2012-2016	Roger Haugen	2014-2018
Tor Håvard Rustad	2012-2016		

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

Møter og synfaring

Det vart halde 9 ordinære styremøte i 2015, der 53 saker er handsama. Det har vore 2 arbeidsmøter og 3 synfaringar i samband med bruksrettsspørsmål.

I tillegg til styresakene har det gjennom året vore ulike drøftingstema på styremøta. Bruksrettsutvalet har arbeidd med ulike bruksrettsspørsmål gjennom året, og har i 2015 fokusert på setrer.

Almenningsstyraren og styreleiaren representerte Skjåk Almanning under årsmøtet i Norsk Almenningsforbund.

Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad
Skjåk Almennings Utviklingsselskap AS	Sæbjørn Forberg (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Rannveig Brennhaug
Ottadalen Villreinutval	Jo Trygve Lyngved (styreleiar frå årsmøtet i 2015) og Kjell Egil Ramstad
Bruksrettsutval	Kjell Egil Ramstad, Mona Haugen Grimstad og Ragnhild Løkken.
Rådgevinge utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgevinge utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Birgit Bilstad
AS Vågåfisk	Birgit Bilstad

Skjåk Almanning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund, samt at Sæbjørn Forberg er styremedlem der.

Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork, Lars Skrinde og Lars Petter Forberg. Dei vart valde for 2 år i 2015.

Tilsette

Almenningsstyrar	Jo Trygve Lyngved
Utmarksrettleiar	Birgit Bilstad
Skogbruksleiar/naturoppsyn	Kjell Olstad
Kontormedarbeidar	Kari Elin Sperstad
Rekneskapsførar	Hans Skamsar
Sekretær Norsk Almenningsforbund	Stig Aaboen
Skogsarbeidar	Sylfest Forberg
Reinhaldar	Ingrid Nyhus

I sommarhalvåret blir det nytta innleigd arbeidskraft. Rekneskapsfører Hans Skamsar utfører utleigetjenester innan rekneskap til Skjåk Trelast AS, Bygger'n Skjåk AS, Skjåk Almennings Utviklingsselskap AS og Norsk Almenningsforbund.

Årsmøtet for 2014

Årsmøtet vart halde på Skjåk Turistheim 23. april 2015. Det møtte 25 bruksberettiga, inkl. styret. Hans Skamsar, Kari Elin Sperstad og Jo Trygve Lyngved deltok frå administrasjonen.

2. BRUKSRETT

Styret har i 2015 arbeidd med ulike bruksrettsspørsmål. I juni vart både nytt søknadsskjema og informasjon og retningsliner for dei bruksberettiga vedteke. Styret har hatt felles møte med Bruksrettslag og Eigarlag der ulike bruksrettsspørsmål har vore drøfta. Styret har samstundes innført ekstra rabattar ved overdraging av gardsbruk til unge brukarar.

Almenningsstyret har vore på synfaring for å følgje opp farlege gjerder og bygningar på seterstulane. Mykje godt arbeid har vore gjort og dei fleste har fylgd opp vedtak frå almenninga. Mattilsynet vart kontakta der ingenting var gjort, og dei vil følgje opp desse sakane framover.

I 2015 vart det sleppt 3 765 sau på beite i Skjåk Almennings, med omtrent lik fordeling av dyr på nordsida og sørsida av dalføret. På sørsida av dalføret var det naturleg nok mindre tap i og med at 7 jervar (Oppland og Sogn) vart teke ut før beitesesongen 2015. Tapsprosenten i Skjåk var på 6,5 %, men tek ein med Finndalen vil tapsprosenten nesten doble seg. Av andre husdyr var 433 geiter og 524 storfe på beite i Skjåk Almennings.

Ved bruksrettsuttak av tømmer og trelast har det vore full meirverdiavgift av halve beløpet på vidareforedla vrykje, medan det på uforedla vrykje ikkje har vore meirverdiavgift. Denne praktiseringa har eksistert lengje, også etter at sagbruket vart eige selskap. Skatteetaten kom i samband med eit avgrensa ettersyn fram til at full meirverdiavgift skal bereknast ved all bruksrettssal. Dvs. alt sal av material, flis og ved frå Skjåk Almennings skal skje med full meirverdiavgift. Denne praktiseringa vart såleis innført frå 1. januar 2015.

Bruksrettsytingane i 2015 var nesten på same nivå som 2014, og samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga kom på kr. 1 657 514. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til godt over kr. 2 000 000 (tal frå landbrukskontoret).


3. SKOGEN

Prinsippa i Levende Skog er utgangspunktet for drifta i skogen, og blir kvalitetssikra gjennom systemet for miljøsertifisering i Mjøsen Skog SA.

Hausten 2015 fekk Skjåk Almennings ny skogbruksplan. Det produktive arealet i ny plan er sett til 82 051 daa (92 810 daa i planen frå 1997). Inkludert i dette arealet er MIS-områder (miljøregistrering i skog) på 1 718 daa. I tillegg er det om lag 54 700 daa skogareal som er verna som nasjonalpark eller naturreservat. I skogbruksplanen valde ein å dele driftsterrenget i hogstmaskinterreng og kabelkranterreng. Dette gjer at kvantumet blir betre stipulert for dei ulike driftsmåtane og ein vil få eit meir korrekt uttak av tømmer. I utrekninga for hogstkvantum er det tynningsfritt og +20 år i omløpstid for kabelkranterreng. Total tilvekst er 15 098 m³, medan balansekvantumet er 12 527 m³. Tala er brutto utan bark, og tek ein høgde for topp, avfall og miljøhensyn vil det praktiske balansekvantumet



vera 11 000 m³ (9 500 m³ i planen frå 1997). Med laserskanning, flyfoto, markbefaring og planarbeid kjem totalkostnad for skogbruksplanen på kr. 1 227 000.




Bonitetsfordeling i % (furu) henta frå ny skogbruksplan.

Hogstklassefordeling i % henta frå ny skogbruksplan.

Det er motteke offentlege statstilskot for skogbruksplan, ungskogpleie, planting og bygging av skogsvegar.

Hogst

Innmålt kvantum i 2015 var 8 125 m³, der furu utgjer 100%. Av dette volumet var 54 % sagtømmer, medan resten var slip og anna vrykje. Av totalkvantumet er det utført tynningshogster på 2 253 m³. Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 419 kr/m³ og 204 kr/m³.



(Innmålt hogstkvantum 2005-2015 fordelt på slip og skurtømmer)

Skogkultur

Nyplanting er utført på 582 daa, der det er planta 79 200 furuplanter av A6 (22 960) og A7 (56 240) Skjåkproveniensen. Kostnaden er 4,75 kr/plante. Det er utført ungskogpleie på 966 daa, med ein kostnad på 415 kr/daa. Til planting og ungskogpleie er det brukt både eige og innleigd arbeidskraft. Det er ikkje utført markberedning eller førehandsrydding dette året.

Våren 2015 vart det plukka 88 kg kongler i Skjåk Almenning i høgdslag 7. Dette utgjer om lag 124 000 ferdige planter.

Vegar

Bualivegen (5 900m), som er hovudvegen i Bråtå bakside, er ferdiggodkjent. Totalkostnad på dette vegprosjektet kom på om lag 935 155 kr. Skjåk Almenning har om lag 59 km med skogsbilveg, 190 km med traktorveg og 40 km med enkle driftsvegar.

I 2015 var det registrert 2 naturskader. Kostnaden på desse er kalkulert til om lag kr. 180 000. Det er ikkje registrert skogskadar av større omfang i 2015.

4. UTMARK

Storvilt

I 2015 vart ny 3-årsperiode for elg-og hjortjakt utlyst. Samtlege av jaktfelta gjekk til innanbygds lag.

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvotest	55 (54)	50 (49)	423 (442)	50 (49)
Felt	53 (53)	41 (43)	234 (324)	16 (20)
Fellingsprosent	96 (98)	82 (88)	55 (73)	32 (41)
Kg. kjøt	7 169 (7 023)	2 748 (2 638)	8 500 (12 500) stipulert	240 (300) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2015. Tal frå 2014 i parentes)


Kvota på villrein var noko lågare i 2015 enn 2014. Målsetjinga til Villreinutvalet er at vinterstamma på nord- og sørområdet skal vera høvesvis 1.800-2.100 dyr og 700-800 dyr. Fellingsprosenten i 2015 var låg for heile Ottadalsområdet (57 %). Ugunstige vær- og jakttilhøve, samt at dyra sto høgt gjennom heile jakta, var nok ein av grunnane til dette. For Skjåk Almenning sin del var fellingsprosenten for nordområdet uvanleg låg, til tross for gode overgangsordningar. Gjennom jakta heldt dyra seg for det meste i Finndalen og på Lesja. Skjåk Almenning fekk ein fellingsprosent på totalt 55% , med slik fordeling: nordområdet 44%, søraustområdet 64% og sørvestområdet 80%.

Foto: Leif Skiakers jaktlag



Raudalskongen måtte bøte med livet i 2015

Kvota for både elg og hjort vart sett relativt høgt også i 2015. Inntrykket etter årets jakt med rapportering og attendemeldingar frå jegerar, viser at det er gode bestandar av både hjort og elg, og kondisjonen er god. Når det gjeld viltpåkøyrslar (der utfallet er avliving) og irregulær avgang er tala for 2015 nokså stabile samanlikna med føregåande år. Fallviltgruppa registrerte 59 dyr, 22 elg (22), 14 hjort(10) og 23(19) rådyr (tala i parantes frå 2014). Tala gjeld for heile Skjåk, og er minimumstal.



(Totalkvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almenning 1995-2015)

Småvilt

I 2015 vart det gjennomført ei småroviltkampanje med hovudmål å stimulere til auka uttak av predatorar som rev, mår og kråkefugl. Det var i hovudsak SJFL som administrerte ordninga og tok seg av både registrering og poengberekning, medan Skjåk Almenning bidrog med premiar til konkurransen.


Det verka som det var greitt med stamfugl av rype på ettervinteren 2015, men dessverre vart det ein sein og kald vår/sommar med lite insekt både under og etter klekkeperioden. Taksering gjennomført av fuglehundgruppa i SJFL i august viste kull med ein del små kyllingar, typiske kull som hadde vore lagt på nytt. Det var også mindre tettleik av kull i alle felt samanlikna med året før. Dette gjorde at det vart sett ei dagskvote på 1 rype per jeger per dag. Sal av jaktkort til utanbygds vart avslutta i starten av oktober. For jaktåret 2015/16 vart det seld 79 jaktkort for innanbygdsbuande, fordelt på 14 småroviltkort, 26 sesongkort, 25 halvsesongkort for hausten og 14 halvsesongkort for vinteren.

År	Antal jegerar	Jegerar som har rapportert	Rapporterte jakt dagar	Felte lirype	Felte fjellrype	Felt rype per jegerdagsverk
2014	337	68%	799	270	373	0,8
2015	337	76 %	728	174	123	0,4

(Nøkkeltal rypjakta 2014 og 2015)


I 2015 vart det betalt ut skotpremie for 73 raudrevar, mot 77 i 2014. Skotpremien er på kr 300, og er eit samarbeid mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag.

Fiske



(Sal av fiskekort 2007 – 2015)

Samanlikna med året før vart det ein reduksjon på 11 % i fiskekortsalet i 2015. Nedgangen var om lag lik for utanbygds og innanbygds. Dette skuldast mest truleg den svært seine våren og det kalde været utover sommaren. Dei fleste vatna over 1300 m.o.h. i Skjåk vart ikkje isfrie før i siste halvdel av juli, og sesongen vart såleis stutt. Den varme hausten kompenserte noko for salet, men ikkje nok til at ein nådde same nivå som 2014.



(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2010-2015)

Til saman vart det sett ut 3 500 aure i 2015, der 1 700 stk. toårig settefisk vart køyrd ut på Leirungvatnet og Torsvatnet vinteren 2015. 1 800 stk. tosomrige vart bore ut av friviljuge til 18 ulike vatn i august 2015.


Av rekrutteringstiltak retta mot born og unge har Skjåk Almenning vore med på ungdomsskuleopplegget "Forske på fjell" og fiskedag i samarbeid med Fjellgeita og SJFL i juni 2015. Som tidlegare sponsar vi utgiftene til jegerprøva for innanbygdsbuande under 20 år.

Hytter

Styret vedtok i mars å føre opp ei visningshytte på tomt H1 i Billingen Hyttegrend. Dette er ei hytte av typen Tinde Reinsfjell, og skal stå ferdig våren 2016. På Billingen er 6 hytter bygd, 2 er under oppføring og 1 er prosjektert. Totalt 9 tomter er seld.

I hyttefeltet på Liavatnet er all infrastruktur ferdig. Det er att 9 ledige tomter av opphavleg 21.

Utleiehyttene i fjellet er fortsatt populære, og har hatt ei markert auke dei siste åra. Som det går fram av figuren på neste side er talet på utleigedøgn nesten tredobla frå 2012 til 2015. Almenningsstyret har i 2015 starta arbeidet med utforming av ny Glitterbu.



(Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2008-2015)

Regional villreinplan for Ottadalsområdet

Styret handsama regional plan for tredje gong i 2015. Planen omfattar eit areal på 7.554 km² fordelt på 10 kommunar i 3 fylke, og formålet med planen er å sikre langsiktig og heilskapleg forvaltning av villreinstamma i Norge, der Ottadalsområdet er peikt ut som eit av 9 nasjonale villreinområde. Store delar av arealet er allereie verna som nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat, og den regionale planen følgjer i stor grad vernegrensene. Skjåk Almennings har kome med fleire innspel til planen, særleg når det gjeld avgrensing, næringsutvikling og medverknad. Uppnåse, som opprinneleg hadde restriktive føresegnar i regional plan, er no underlagt vanleg handsaming etter plan- og bygningslova. Plangrensa er justert i Billingsdalen, men almenningstyret peikte likevel på at denne grensa burde ha gått lenger opp mot snaufjellet.

Forvaltningsplan Breheimen

Forslag til forvaltningsplan for Breheimen Nasjonalpark med tilgrensande vernområde var ute til høyring sommaren 2015. Almenningsstyret gjekk gjennom og ga ei utfyllande høyringsuttale til nasjonalparkstyret. Fullstendig høyringsuttale blir for omfattande å ta med her, men det vart mellom anna peikt på motorferdsel, bruk av motorbåt, jakthundprøver, taksering av rype, uttak av ved, oppsetting av garnkasser, villrein vs. tamrein, bruk av lokale aktørar og lokal arbeidskraft.

5. ØKONOMI

Rekneskap

Rekneskapen for 2015 viser eit samla driftsresultat på kr. 2 601 556. Årsresultat etter finanspostar og skatt er kr. 3 271 303. Av årsresultatet går kr. 1 365 120 til fri eigenkapital.


Skogavgifta er høg grunna høg aktivitet i skogen, samt at ny skogbruksplan er fullført. Almenningsstyret vedtok hausten 2015 å avvikle Skjåk Almennings Utviklingsselskap AS. Nedskriving av aksjekapital med kr. 447 574 er difor bokført i 2015. Verdiane i selskapet (infrastruktur) er balanseført med kr. 4 236 613. Dette er bokført verdi når marknadsverdi for infrastrukturen til festetomtene blir lagt til grunn. Som følgje av endring i meirverdiavgift på bruksrettssal er etterberekninga frå skatteetaten på kr. 399 679 teke som utgift i 2015.

Almenningsstyret meiner framlagt årsrekneskap for 2015, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvisebilete av driftsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almennings ved utgangen av året. Grunnlaget for vidare drift er tilstades, og årsrekneskapen for 2015 er sett opp under denne føresetnaden.

Bidrag

Skjåk Almenning yter store bidrag til dei bruks- og egedomsberettiga. Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt, noko som utgjorde kr. 1 657 514 i 2015. Kvantumsrabatt frå Skjåk Trelast AS kjem i tillegg til dette.

Det er løyvd kr. 80 000 til Skjåk Turløyper SA for løypekøyning sesongen 2015/2016. Skjåk Almenning bidreg med 25 timar med høvling av Sotvegen kvart år. Det er gjeve kr. 10 000 til DNT for ny bru i Lundadalen og kr. 10 000 til Lom og Skjåk Skyttarlag. Skjåk Almenning har elles bidrege med grus til parkeringsplass ved Sota, tømmer til gapahuk ved Bångrøttjønn og arbeidskapasitet i ulike prosjekt og oppdrag (Aktiv Haustferie, Forske på Fjell).



(Ytingar og antal bruk med røyserett i Skjåk Almenning 2005-2015)

Industrielt eigarskap

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

Låg aktivitet pregar marknaden, samt at bransja er utsett for sterk konkurranse. Skjåk Trelast AS eig 70% i Bygger'n Skjåk AS, ei solid bedrift som går godt. Skog- og trelastnæringa fekk ein ny situasjon da Otta Sag og Høvleri AS selde saglinja sommaren 2014. Treteknisk Institutt vart engasjert for å utgreie nytt sagkvantum etter at Otta Sag og Høvleri AS selde saglinja si sommaren 2014. Rapporten kom på nyåret i 2015, samstundes som det vart nedsett ei arb.gruppe for å sjå på situasjonen på Skjåk Trelast AS. Rapporten frå Treteknisk Institutt tilsa produksjon av skurlast, impregnert last og konstruksjonsvirke av furu. Dette er marknader det knyter seg svært stort prispress rundt, og det vil ikkje vera tilrådeleg å gå inn i denne marknaden. Rekneskapet for 2015 viser eit negativt årsresultat på kr. 807 703.

Almenningsstyret vil følgje opp utviklinga nøye gjennom 2016 og arbeide for å sikre vidare drift ved trelastbruket.

Som eit ledd for å betre likviditetssituasjon for sagbruket har almenningsstyret gått inn for å konvertere eit lån på kr. 3 360 000 til aksjekapital. Etter denne konverteringa har Skjåk Almenning lån til Skjåk Trelast AS på kr. 2 810 000, samt at uteståande fordringar til same selskap utgjer kr. 1 446 159.

Skjåk Almennings Utviklingselskap AS:

Styret i Skjåk Almennings vedtok hausten 2015 å avvikle Skjåk Almennings Utviklingselskap AS, for så å leggje verdiane (utbygd infrastruktur for festetomter) inn i Skjåk Almennings. Hovudårsaken til dette var for store kostnader med å drifte selskapet i høve til aktiviteten. Av 33 tomter er 9 seld, 3 av dei i 2015. Rekneskapen for 2015 viste eit positivt årsresultat på kr. 92 862. Verdiane i SAUS er bokført med kr. 4 236 613.

Skjåk Almennings ynskjer å bidra til utvikling i Skjåk. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Bedriftene er konjunkturavhengige, og etterverknadene etter finanskrisa er utfordrande. Regionen er dessverre prega av lite aktivitet og næringsutvikling. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almennings.

Diverse

I 2015 vart avkastning av fond brukt slik (sjå eigen tabell i rekneskapsnotene):

Erstatningsfond Øvre Otta

- Kr. 150 000,- til skogbruksplan

Skjåk Almennings Utviklingsfond

- Kr. 80 000,- til Skjåk Turløyper for sesongen 2015/2016, tillegg kr. 170 000 til skogkultur (ungskogpleie).

Almenningsstyret har arbeidd fram og vedteke statuttar for verneområdeerstatning. Styret har også vedteke å kjøpe aksjefond for kr. 3 000 000, der ytterlegare kr. 2 000 000 skal brukast til månedlege sparingar over 4 år.

Almenningsstyret har inngått avtale med Skjåk Energi om årleg kontant erstatning av fallrettskraft til Skjåk Almennings. Dette er fallrettskraft som eigarane i Skjåk Almennings tilkjente almenninga då fallrettane vart seld i 1967. Strømerstatninga har fram til 2015 vore innretta slik at erstatninga har kome over strømrækninga til Skjåk Trelast AS. Frå og med 2015 blir erstatninga rekna ut etter den til kvar tid gjeldande tariff på strøm og nettleige. For 2015 utgjer denne erstatninga kr. 367 000. Almenningsstyret har vedteke at denne erstatninga skal gå til Skjåk Trelast AS på visse vilkår.

Skjåk Almennings har i 2015 arbeidd for å koma i betraktning i samband med varmelevering til ny 1-10 skule i Bismo. Styret ynskjer å tilby nyskulen varme basert på fjernvarmeanlegg på sagbrukstomta, med celluloseflis frå eigen skog som fyringskjelde. Det har vore vanskeleg å få kommunen på banen med eit slikt alternativ, og ved årsskiftet er ingenting avgjort.

Skjåk Almennings leiger ut arbeidskraft til SNO, noko som utgjorde 201 timar i 2015. Arbeidet omfattar oppsyn og gjennomføring av ulike prosjekt.

6. ANDRE OPPLYSNINGAR

Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2015 var sjukefråveret på 1,2 % av mogleg arbeidstid, mot 0,6 % året før. Skjåk Almennings er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste (GBHT).

Skjåk Almennings hadde pr. 31.12.2015 tre kvinnelege medarbeidarar, den eine på deltid som reinhaldar. I almenningsstyret er 5 av 7 medlemmar kvinner.

Ytre miljø

Grunnlaget for skogbruket i Skjåk Almennings er nedfelt i skogbruksplan frå 2015. I planen er MIS-registreringar og kartlegging av biologisk viktige område (BVO) nedfelt. Landskapsplanen for almenninga vart revidert i 2015.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.



(Nytt inngangsparti vart ferdigstilt før jul i 2015)

7. UTSIKTENE FRAMOVER

Året 2016 byr på samansette utfordringar for styret, leiinga og dei tilsette. Eit høgt aktivitetsnivå på fleire felt (eigedomrett, bruksrett, bygdafolk, jegerar, fiskarar, hyttefolk, turistar, verneområde) set store krav og gjer drifta krevjande.

Ny skogbruksplan gjer aktiviteten i skogen enklare og meir forutsigbar, men skogkultur og vegbygging må viast større merksemd. Skal hogstkvantumet haldast oppe må ein større del av kvantumet hentast i brattlendt terreng, noko som fordrar vegbygging. Tømmerprisane på stutt sikt vil mest truleg liggje relativt stabilt, men med massiv investering i treforedlingsindustri i Sverige er det forventningar om noko auka priser på massevirke på lengre sikt. Stort hogstkvantum på landsbasis og auka fokus på fornybare ressursar og klima, samt ny forskning og utvikling, bør gjeva skogsressursen ein positiv oppsving i åra framover.

Skjåk Trelast AS slit med sal og drift, der trenden på omsetning og årsresultat er negativ over fleire år. Dersom vidare drift skal sikrast ved sagbruket må betydelege endringar skje, og det må arbeidast hardt for å snu trenden. Dei tilsette, leiinga ved sagbruket og styret i Skjåk Almanning må nøye vurdere kva som skal gjerast, og tiltak må setjast inn.

Hyttemarknaden har betra seg noko, og ein forventar at sal av hyttetomter vil fortsetja i 2016. Utleiehyttene i fjellet er populære, og vil mest truleg vera det i fleire år framover. Almenningsstyret har sett i gang eit spennade prosjekt med ny Glitterbu. Der er det tenkt eit anna uttrykk på bua enn dei andre til almenninga, og ein vil prøve å setja eit og eit særpreg på den.

Beitnæringa i området er fortsatt sterkt ramma av rovdyrproblematikken. Rovdyr og rammevilkår for jordbruket er og blir avgjerande faktorar for landbruket i vårt distrikt, og ein er heilt avhengig av eit sterkt politisk ynskje og vilje for å oppretthalde denne næringa.

Almenningsstyret rettar ein takk til dei tilsette for innsatsen i året som har gått.



Almenningsstyret (2014-2016) og almenningstyrar

Bismo, 31. desember 2015
31. mars 2016

I styret for Skjåk Almenning

Kjell Egil Ramstad
Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)

Sæbjørn Forberg
Sæbjørn Forberg

Mona Haugen Grimstad
Mona Haugen Grimstad

Ragnhild Løkken
Ragnhild Løkken

Liv Mona Johnsgard
Liv Mona Johnsgard

Rune Plassen
Rune Plassen

Jo Trygve Lyngved
Jo Trygve Lyngved
(Almenningsstyrar)

RESULTATREGNSKAP 2015

	Note	2015 (hele kr)	2014 (hele 1.000)
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
DRIFTSINNEKTER			
Salgsinntekter	13	13 469 650	13 863
Brukt skogavgift vedr. drift	8	1 904 315	1 720
Andre driftsinntekter		1 202 503	1 327
SUM DRIFTSINNEKTER		16 576 468	16 910
DRIFTSKOSTNADER			
Forbruk av varer og tjenester	13	4 532 474	4 584
Beholdningsendringer		0	0
Lønnskostnader	2,13	3 357 168	3 354
Ordinære avskrivninger	3,13	370 200	392
Skogavgift	8	1 004 000	1 163
Etterberegnet merverdiavgift 2014		399 679	0
Andre kostnader	2,13	4 311 391	4 029
SUM DRIFTSKOSTNADER		13 974 911	13 522
DRIFTSRESULTAT	13	2 601 556	3 388
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Aksjeutbytte		7 871	9
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskaper	9	138 192	295
Andre renteinntekter		1 034 729	1 409
Andre finanskostnader		-6307	-10
Gevinst salg aksjefond		0	0
Tap på aksjer		-447 574	-434
NETTO FINANSINNEKTER		726 912	1 269
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		3 328 467	4 657
Skattekostnad på ordinært resultat	1	57 165	346
ÅRETS RESULTAT		3 271 303	4 311
DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT			
Ytinger:			
Bruksrettrabatter	10	582 068	608
Kontantutbytte	10	582 068	608
Kvantumsrabatter	1	493 378	526
Sum ytinger		1 657 514	1 742
Andre disponeringer			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	11	90 916	141
Overført utviklingsfond	11	135 144	195
Overført verneområdeerstatning	11	22 609	0
Overført fri egenkapital		1 365 120	2 234
SUM		3 271 303	4 311

BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2015

EIENDELER

	Note	2015	2014
		(hele kr)	(hele 1.000)
ANLEGGSMIDLER			
Innkjøpt grunn		126 999	127
Bygninger	3	3 835 800	4 179
Opparbeidingskostnader hyttefelt L		497 000	497
Opparbeidingskostnader hyttefelt B	14	4 236 613	0
Maskiner, inventar og transportmidler	3	64 000	51
Aksjer og andeler	4,9	4 062 080	5 061
Ansvarlig låneinnskudd datterselskaper	9	6 170 000	8 170
SUM ANLEGGSMIDLER		18 992 491	18 085
OMLØPSMIDLER			
Varebeholdninger	5	0	0
Hytte Billingen Hyttefelt	5	1 504 806	0
Kundefordringer	6,9	2 440 198	1 802
Andre kortsiktige fordringer		1 373 490	114
Bankinnskudd	7,11	33 746 913	36 521
Bankinnskudd bundne fond	11	10 233 830	10 408
Kasse		2 000	2
SUM OMLØPSMIDLER		49 301 237	48 847
SUM EIENDELER		68 293 729	66 932

BALANSEKONTO PR. 31. DESEMBER 2015

EGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2015	2014
		(hele kr)	(hele 1.000)
EGENKAPITAL			
Bunden egenkapital			
Andelskapital	12	233 600	234
Erstatningsfond Øvre Otta	11	4 126 466	4 186
Utviklingsfond	11	6 107 394	6 222
Skogavgiftskonto	8	166	0
Sum bunden egenkapital		10 467 626	10 642
Fri egenkapital			
Verneområdeerstatning	11	18 214 545	18 192
Fri egenkapital	15	33 563 720	30 930
Årets resultat	15	1 365 120	2 234
Sum fri egenkapital		53 143 385	51 356
SUM EGENKAPITAL		63 611 011	61 998
AVSETNINGER FOR FORPLIKTELSER			
Avsetning for pensjonsforpliktelser	2	0	10
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld	9	1 726 266	642
Skyldig skattetrekk	7	236 800	207
Skyldig feriepengar inkl. arbeidsgiveravgift		345 419	334
Skyldig arbeidsgiveravgift		50 217	50
Skyldig merverdiavgift		0	0
Påløpt ikke utlignet skatt	1	74 000	332
Avsatt til kontantutbytte	10	582 068	607
Annen kortsiktig gjeld		1 667 947	2 752
SUM GJELD		4 682 717	4 934
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		68 293 729	66 932

Bismo, den 31. desember 2015

31. mars 2016

Kjell Egil Ramstad
Kjell Egil Ramstad
styreleder

Ragnhild Løkken
Ragnhild Løkken

Sæbjørn Forberg
Sæbjørn Forberg

Mona Haugen Grimstad
Mona Haugen Grimstad

Hans Skamsar
Hans Skamsar
økonomileder

Liv Mona Jonsgard
Liv Mona Jonsgard

Rune Plassen
Rune Plassen

Jo Trygve Lyngved
Jo Trygve Lyngved
almenningsbestyrer

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2015

Note 1: Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med god regnskapsskikk for små foretak. Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Varige driftsmidler med levetid over 3 år og kostpris som overstiger kr 15.000,- avskrives lineært over forventet økonomisk levetid. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under andre driftskostnader. Gevinst eller tap ved avgang av driftsmidler føres under henholdsvis driftsinntekter og driftskostnader. Varer er vurdert til det laveste av gjennomsnittlig anskaffelseskost og virkelig verdi. Kundefordringer og andre fordringer er oppført til pålydende etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Almenningen har beregnet skogavgift på avvirkningen etter gjeldende regler.

Det vises til egen note vedr. skogavgift.

For å vise rettmessig og oversiktlig informasjon om ytinger til de eiendoms og bruksberettigede er kvantumsrabatten tatt inn under «Disponering av årets resultat» under resultatregnskapet.

Almenningens skattekostnad består av betalbar inntekts- og formuesskatt. Almenningen er skattepliktig for deler av sin inntekt og formue.

Almenningen har ikke forskjeller mellom skattemessige og regnskapsmessige verdier som medfører utsatt skatt. Almenningen har et skattemessig underskudd til framføring på kr. 510.303 hvor tilhørende skattefordel ikke er aktivert.

I den grad almenningen har nedskrevet finansielle midler regnskapsmessig, er den skattefordelen som måtte ligge i dette, ikke aktivert.

Note 2: Ansatte, godtgjørelser mv.

<u>Lønnskostnader</u>	<u>2015</u>	<u>2014</u>
Lønninger	2.939.103	2.848.269
Arbeidsgiveravgift	197.064	193.032
Pensjonskostnader	103.532	95.461
Andre ytelser	117.469	217.023
Sum lønnskostnad	3.357.168	3.353.785

Almenningen har i 2015 sysselsatt 6 årsverk.

<u>Godtgjørelser</u>	<u>Almenningsbestyrer</u>	<u>Styret</u>
Lønn	657.833	175.500
Andre ytelser	23.480	11.784

Revisjon- og kontrollutvalget/valgkomite

Kostnadsført honorar og bilgodtgjørelse revisjons- og kontrollutv. utgjør kr. 3.000 i 2015.

Kostnadsført honorar og bilgodtgjørelse valgkomite utgjør kr.4.500 i 2015.

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjon etter lov om obligatorisk tjenstepensjon.

Foretaket har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven.

Revisor

Kostnadsført honorar for lovpålagt revisjon i 2015 utgjør kr 59.745,-ekskl. merverdiavgift.

Honorar for annen bistand utgjør kr 55.440,- ekskl. merverdiavgift.

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2015

Note 3: Varige driftsmidler

Avskrivningsoversikt pr. 31.12.2015	Bygninger	Maskiner	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	18.286.567	4.017.706	22.304.273
Tilgang	0	40.000	40.000
Avgang	0	0	0
Anskaffelseskost pr. 31.12	18.286.567	4.057.706	22.344.273
Avskrevet ordinært pr. 01.01	14.107.567	3.966.706	18.074.273
Avskrevet i året	343.200	27.000	370.200
Avskrevet ordinært pr. 31.12	14.450.767	3.993.706	18.444.473
Balanseverdi pr. 31.12	3.835.800	64.000	3.899.800
Prosentats for ordinær avskrivning	4-8%	10-33%	

Note 4: Aksjer og andeler

Aksjer/andeler:

Selskap	Eierandel	Antall aksjer	Pålydende	Bokført verdi
<i>Datterselskaper:</i>				
Skjåk Trelast AS	100,0 %	3.740	1.000	3.740.000
<i>Andre selskaper:</i>				
Norske Skogindustrier AS		1.537	20	2.830
UNI Storebrand AS		13	20	0
AS Vågåfisk	1,6 %	1	10.000	10.000
Skjåk Turløyper SA		2	1.000	2.000
Fishpot SA		1	1.000	1.000
Skjåk Mediautvikling AS		4	250	0
Mjøsen Skog SA				306.250
SUM				4.062.080

Note 5: Varebeholdninger

Hytte under oppføring	1.504.806
Sum varebeholdning	1.504.806

Note 6: Kundefordringer

	2015	2014
Mellomværende med bruksberettigede	409.234	187.731
Kundefordringer, eksternt	2.080.963	1.664.213
Brutto kundefordringer	2.490.197	1.851.944
Avsatt til tap	50.000	50.000
Bokført verdi kundefordringer	2.440.197	1.801.944

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2015

Note 7: Bankinnskudd

Posten inkluderer et beløp på kr 236.800,- som er sperret som sikkerhet for inntrukne skattetrekksmidler.

Note 8: Skogavgiftskonto

	2015 (hele kr.)	2014 (hele 1.000)
Tilført skogavgiftsmidler		
Tilført fra avvirkning dette året m.v.	1.004.000	1.163
Statstilskudd skogkultur	900.315	557
Sum tilført	1.904.315	1.720
FORBRUK AV SKOGAVGIFTSMIDLER		
Skogkultur	754.910	776
Veger og bygninger	409.364	693
Skogbruksplan	740.234	251
Sum forbruk (av dette lønnskostnader kr. 169.189)	1.904.508	1.720
Skogavgiftskonto pr. 01.01	359	0
Endring i året	-193	0
Skogavgiftskonto pr. 31.12	166	0

Note 9: Konsernforhold

1. Konsernstruktur

Selskapet har pr. 31.12.2015 følgende eierandeler i datterselskaper:

Selskapets navn	Forretnings- kontor	Antall aksjer	Eier-andel	Stemme- andel	Resultat 2015	Egenkapital 31.12.2015
Skjåk Trelast AS	Skjåk	3.740	100,0 %	100,0 %	-807.703	2.083.143

Konsernet sett som en enhet faller inn under definisjonen av små foretak etter Regnskapslovens § 1-6. Det er derfor ikke utarbeidet særskilt konsernregnskap.

2. Interne transaksjoner

Transaksjonens art:	Skjåk Trelast AS
Salg av tømmer og slip til datterselskap	1.435.530
Husleieinntekter fra datterselskap	263.004
Kjøp av trelast mv. fra datterselskap	2.993.495
Kjøp av tjenester fra datterselskap	0

Mellomværende pr. 31.12.2015	Skjåk Trelast AS
Ansvarlig låneinnskudd datterselskap	6.170.000
Fordring på datterselskap	1.446.159
Gjeld til datterselskap	173.407

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2015

Ansvarlig låneinnskudd datterselskaper

Skjåk Trelast AS: Renter er beregnet til kr 138.192 i 2015.

Note 10: Kontantutbytte til eierne

Etter avtale mellom Skjåk Bygdealmening v/almenningsstyret på den ene siden og Skjåk Bygdealmening v/eierlaget på den andre siden tilkommer eierne av almenningen fra og med regnskapsåret 1994 et årlig kontantutbytte av samme størrelse som det er gitt bruksrettsytelser.

Dersom det er underskudd et år, slik at utbetaling til eierne ikke kan skje, skal et beløp tilsvarende 70 % av bruksrettsytelsene i året etterbetales eierne når overskudd igjen oppstår i almenningen.

Årets resultat		3.215.303
<u>Overført fond:</u>		
Erstatningsfond	90.916	
Utviklingsfond	135.144	226.060
		2.989.243
<u>Bruksrettsytelser:</u>		
Bruksrettsrabatter	582.068	582.068
		2.407.175
Disponibelt for utbetaling av kontantutbytte		
Sum bruksrettsytelser i året		582.068
Grunnlag for kontantutbytte for året		582.068
Framført kontantutbytte fra forrige regnskapsår		0
Sum kontantutbytte		582.068

Note 11: Erstatningsfond

ERSTATNINGSFOND ØVRE OTTA

År	Grunnkap	Tilført grunnkap	Renter	10 % grunnkap	Ny grunnkap	Tilført avkastn	Forbruk avkastn	Saldo unytta avkastn	Saldo bank
2014	3.997.669	0	140.566	14.057	4.011.726	126.509	394.185	173.794	4.185.520
2015	4.011.726	0	90.916	9.092	4.020.818	81.824	150.000	105.619	4.126.436

UTVIKLINGSFOND

År	Grunnkap	Tilført grunnkap	Renter	10 % grunnkap	Ny grunnkap	Tilført avkastn	Forbruk avkastn	Saldo unytta avkastn	Saldo bank
2014	5.932.170	0	195.062	19.506	5.951.676	175.556	130.000	270.574	6.222.250
2015	5.951.676	0	135.144	13.514	5.965.190	121.630	250.000	142.204	6.107.394

VERNEOMRÅDEERSTATNING

År	Grunnkap	Tilført grunnkap	Renter	5 % grunnkap	Ny grunnkap	Renter til overføring	Forbruk grunnkap.	Saldo til overføring	Saldo bank
2015	18.191.936	0	452.188	22.609	18.214.545	429.579	0	1.696.351	19.910.896

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2015

Erstatningsfond Øvre Otta og Utviklingsfond er styrt etter egne statutter hvor styret i almenningen er styre for fondsmidler. Styret kan bestemme at en andel av årets avkastning på fondsmidlene kan nyttes til almenningen og almenningsnyttige formål.

Fondenes statutter tilsier at grunnkapitalen skal stå urørt. Statuttene kan kun endres etter innstilling fra styret og etter vedtak fra de som har eiendomsrett/bruksrett etter bestemte krav til flertall.

Verneområdeerstatning er også styrt etter egne statutter (vedtatt i styresak 2015/5) hvor styret i almenningen er styre for fondsmidler. Midlene skal fortrinnsvis stå på egen bankkonto. 5 % av renteavkastningen skal hvert år tillegges grunnkapitalen, og bruken av grunnkapitalen skal føres inn i møteprotokollen. Grunnkapitalen skal ikke utbetales til de som har bruksrett og/eller eiendomsrett i Skjåk Almenning.

Note 12: Andelskapital

Ingen av andelseierne eier mer enn 5% av andelskapitalen.
Styret og daglig leder har følgende eierinteresser i almenningen:

Navn	Andel
Ragnhild Løkken	0,00%
Gudrun Ramstad	1,74%
Rannveig Brennhaug	0,00%
Liv Mona Jonsgard	0,00%
Kjell Egil Ramstad	0,07%
Mona Haugen Grimstad	0,71%
Rune Plassen	0,00%
Jo Trygve Lyngved	0,00%

Note 13: Avdelingsvise driftsresultater

		2015 (hele kr.)	2014 (1000 kr.)
Skogen	Inntekter	3.857.791	4.123
	Utgifter	3.281.685	3.480
	Resultat	576.106	643
Utmark	Inntekter	6.475.717	6.515
	Utgifter	1.438.291	1.511
	Resultat	5.037.426	5.004
Bruksrettsomsetning	Inntekter	2.984.877	3.180
	Utgifter	2.993.495	3.171
	Resultat	-8.618	9
Eigedom/utleige	Inntekter	998.506	933
	Utgifter	883.169	767
	Resultat	115.337	166
Felleskostnader	Inntekter	355.262	440
	Utgifter	3.074.279	2.741
	Resultat	-2.719.017	-2.301

NOTER TIL REGNSKAPET FOR 2015

Note 14: Opparbeidelseskostnader hyttefelt Billingen

I forbindelse med avvikling av selskapet Skjåk Almennings Utviklingselskap AS overtok Skjåk Almenning verdiene i dette selskapet. Selskapet har utviklet tomteområde i Billingen hyttefelt. Opparbeidelseskostnader pr. 31.12.2015. er kr. 4.236.613.

Note 15: Fri egenkapital

Fri egenkapital 1/1-2015	33.163.720
Tilført fra Erstatningsfondet	150.000
Tilført fra Utviklingsfondet	250.000
Årets resultat	1.365.120
Fri egenkapital 31/12-2015	34.928.840

Til årsmøtet i
Skjåk Almenning

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Skjåk Almenning, som består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap som viser et overskudd på kr 3 271 303 for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet for Skjåk Almenning avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av almenningens finansielle stilling per 31. desember 2015 og av dets resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at styret og daglig leder har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av almenningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Otta, 31.mars 2016
ERNST & YOUNG AS



Lars Løkken
statsautorisert revisor

Til årsmøtet i Skjåk almenning

MELDING FRÅ REVISJONS-OG KONTROLLUTVALET I SKJÅK ALMENNING

Revisjons -og kontrollutvalet har hatt 2 møter og sakshandsaminga er nedskrivi i utvalet sin møteprotokoll.

Revisjons- og kontrollutvalet har gjennom året fått tilsendt sakslister og styrevedtak og har ikkje merknader til desse.


Frå administrasjonen har utvalet fått grei orientering om aktivitetane i året og vi har fått svar på det vi har spurt om. Utvalet har hatt eit møte saman med revisor Lars Løkken i Ernst & Young.

Utvalet har gått gjennom rekneskap for 2015 saman med almenningsstyraren

Revisjons -og kontrollutvalet har ingen merknader til rekneskap og årsmeldinga i Skjåk almenning for 2015

Skjåk 1 april 2016


Egil Mork


Lars Petter Forberg


Lars Skrinde

Informasjon og retningslinjer for bruksberettiga i Skjåk Almending.

Sist revidert 25. juni 2015
Vedteke i styresak 2015/29

1. Generelt om bruksrettsyting

Føresetnaden for å få bruksrettsyting er at tiltaket tilfredsstillere eigedomens behov ved jordsbruksmessig drift, og er i samsvar med rasjonell bruk i høve det som er naturleg etter tid og tilhøve, jfr. Bygdealmenningslova § 2-2. Almenningsstyret har gjeve uttrykk for at det er det aktive jordbruket som skal prioriterast. Ved forvaltning av bruksretten og berekningen av eigedomens jordbruksmessige behov er det eigedommens eiga areal som er grunnlaget. Leigejord skal altså ikkje inkluderast. Tiltaket det blir søkt ytingar om må altså stå i samsvar med eigedommens status og drift etter ei samla vurdering. Eigar av bruksberettiga jordbrukseigedom må i søknadsform beskrive og dokumentere eigedomens behov ved jordbruksmessig drift. Det vil bli gjort konkrete og individuelle vurderingar, og kvar enkelt søknad vil bli vurdert ut ifrå den jordbruksmessig drift som faktisk føregår, dyrka areal, busetjing, framtidsplaner for bruket, planar om tilflytting og evt. planar om gjenoppretting av jordbruksdrift. Oppramsinga er ikkje uttømande, og almenningstyret kan be om eller innhente tilleggsinformasjon for å betre sitt vurderingsgrunnlag.

2. Søknad

For søknad om bruksrettsytingar skal det brukast eige søknadsskjema.

Det skal brukast 1 – eitt – skjema for kvart tiltak. Kvar søknad blir gjeve eit søknadsnummer. Dette skal gjevast opp når uttak av tømmer og trelast skjer.

Den enkelte bruksberettiga eigedom kan i løpet av eitt kalenderår ta ut inntil 2 m³ trelast eller 5 m³ rundvirke utan søknad, med vilkår at dette blir brukt til å dekkje eigedomens behov ved jordbruksmessig drift.

For uttak av tømmer og trelast over 2. m³: Alle bruksberettiga må søkje almenningstyret på eige skjema.

Søknad skal vera innvilga før uttak kan skje. Virke som blir teke ut utan at søknad er innvilga kan fakturerast til marknadspris. Innvilga kvantum gjeld for 2 år

3. Tilskot og generasjonsskifte

Tilskot er ein bruksmåte av overskot som kjem i tillegg til vanlege bruksrettsytingar. Styret står fritt i tildeling av tilskot, og vurderer til kvar tid innretning og storleik på tilskot.

Tilskotet blir gjeve på uttak av materialar frå Skjåk Trelast AS med ein prosentsats av materialkostnader.

Gardbrukarar t.o.m. 35 år som tek over gardsbruk kan søkje om tilskot på investeringar som tener det jordbruksmessige behovet. Der det føreligg skriftleg avtale om overtaking av eigedomen innan 3 år kan det også søkjast om tilskot. Brukaren har ansvar for at slike opplysningar blir gjeve Skjåk Almending.

Tilskotet skal stimulere til aktiv gardsdrift (berre burtleige av jordbruksareal vert ikkje rekna som aktiv drift).

Skriftleg søknad med grunngjeving må sendast almenningstyret, og søknaden skal vere godkjent i forkant.

Søknaden skal innehalde ein konkret plan for den framtidige drifta, samt detaljert kostnadsoverslag over tiltaket.

Utbetaling av tilskotet blir gjort etter bilag ein gong i året, i inntil 3 år etter tiltaket vart godkjent av styret.

Allmenningstyret kan be om, eller innhente tilleggsinformasjon for å betre sitt vurderingsgrunnlag.

4. Omgjering av tildeling

Alle ytingar utbetalt på feil grunnlag skal attendebetalt i si heilheit. Ved misbruk blir retten til almenningstytingar inndrege for 5 år. Om den jordbruksmessige drifta blir lagt ned innan rimeleg tid kan almenningstyret krevja at ytingar blir attendebetalet (jf. §5-7 i bygdealmenningslova og gjeldande bruksreglar for Skjåk Almending). Dette gjeld for eksempel frådelling av hus, frådelling/omdisponering av dyrka jord slik at jordbruksarealet blir så lite at bruket misser bruksretten eller at brukets karakter blir endra til fritidseigedom. Det vil skje stikkprøver på uttak av materialar (også under frikvaantum) og at tiltaket er relevant for dagens drift på eigedommen.

5. Eigedomsoverdraging/forpakting/anna endring

Ved eigedomsoverdraging, forpakting og endring av sivil status må bruksrettsmanntalet ajourførast. Dette skal gjerast ved at dei/den bruksberettiga sjølve kontaktar almenningkontoret for å få tilsendt meldingsskjema.

6. Strøflis, fyringsflis og grus

- Strøflis: Brukrettsyting på strøflis blir berre gjeve til eigedomens jordbruksmessige behov. Kontakt Skjåk Trelast AS for hentedagar, pris, og evt. levering direkte til gardsbruket.
- Grus: Det blir gjeve bruksrettsrabatt på 15 kr/m³ på uttak av knust grus frå Framruste (frå eiga råvare), eks. mva. og frakt. Det blir ikkje gjeve rabatt på uttak av råmasse. Uttak til fellestiltak og/eller setervegar skal gå gjennom organisert veglag. Rabatt blir utbetalt ein gong i året på grunnlag av samla dokumentert faktura levert Skjåk Almenning før 1. desember. Før rabatt blir gjeve skal bruksberettiga søkje om dette på eige skjema.
- Fyringsflis: Brukrettsyting på fyringsflis blir berre gjeve til eigedomens jordbruksmessige behov.

7. Snøscooter

Skjåk Almenning har reglar som regulerer bruk av snøscooter innan almenninga i samband med jordbruksnæring. Bruksberettiga som har legitimt behov for å nytte snøscooter, må framfor kvar vintersesong sende skriftleg melding om dette på fastsett skjema. Ferdig utfylt og godkjent skjema tener som kjøreløyve. Reglar og skjema vil ein få ved å vende seg til almenningskontoret. Ved køyring i verneområde, må forvaltninga gjeva løyve.

8. Uttak av ved på rot

Iflg. bruksreglane kan hogst av ved på rot berre skje etter avtale. Bryting av tyrirøt og neverflekking o.s.v. kan berre skje etter tilvising.

9. Henting/køyring av ved frå Skjåk Trelast AS

Utkøyring av ved skjer fortløpande i høve til bestillingsdato. Dei som sjølv ordnar transport, må køyre unna innan 1 veke etter henteklarmelding. Elles kjem dei sist i køen.

10. Rabattsatser til alle bruksberettiga

Frå Skjåk Almenning:

Bruksrettsrabattar:

Skurlast	30%	av detaljpris
Høvellast	20%	"
Impregnert last uhøvla	30%	"
Impregnert last høvla	20%	"
Gjerdestolp, impregnert	30%	"
Rundtømmer	30%	"
Vedslip	30%	" opptil 15 m ³
Kløyvd furuved	20%	av marknadspris
Bordkapp	30%	"
Celluloseflis	30%	"
Sag - og kutterflis	30%	"
Rein bark	30%	"
Grus.....	15 kr/m ³	
Skrotbark og anna avrat	Gratis	

Gjeld ved kjøp av tømmer og trelast frå Skjåk Trelast AS.

Betalingsføresetnader: Netto pr. 15 dagar. Etter dette vert det rekna 12 % renter.

I tillegg yter Skjåk Almenning 18 % kvantumsrabatt på bruksrettssal (gjeld ikkje for grus).

Frå Skjåk Trelast AS

Dette kjem som tillegg til rabattane frå Skjåk Almenning.

Pr. ekspedisjon/bestilling	Innkjøpt trelast	Eigenprodusert trelast
kr. 0 – 3.000	0 %	0 %
kr. 3.000 – 6.000	0 %	5 %
kr. 6.000 – 10.000	5 %	10 %
kr. 10.000 – 20.000	10 %	15 %
kr. >20.000	15 %	20 %

Rabatten gjeld ikkje tilbodsvarer, og tilbodsvarer går heller ikkje inn i rabattgrunnlaget.

Frå Bygger'n Skjåk AS

Trelast: Opptil 25% på trelast.

Byggevarer: Småparti 10% - Større parti, spør om tilbod.

Desse rabattane blir ikkje gjeve i tillegg til rabatt frå Skjåk Almenning og Skjåk Trelast AS.